



Holon Bergen AS  
Kanalveien 11  
5068 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/139 - 21/1453

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
15.01.2021

## Endringsløyve for ny plassering av kommunale utleigebustader - gbnr 445/1/111 Manger

**Administrativt vedtak:** Saknr: 038/21  
**Tiltakshavar:** Alver kommune - 01.01.2020  
**Søknadstype:** Søknad om endring med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det gjeve endringsløyve for ny plassering av kommunale utleigebustader på gbnr 445/1/111. Bustadane skal flyttast 0,95 meter mot nordvest.**

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om endra plassering av kommunale utleigebustader på gbnr 445/1/111. Bustadane skal flyttast 0,95 meter mot nordvest.

Rammeløyve er gitt 10.04.19 i sak 19/34, i politisk sak 018/2019, i Radøy kommune. Det vert elles vist til søknad motteken 07.01.21 og tilleggskommunikasjon motteken 14.01.21.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett 14.01.21.  
Sakshandsamingsfristen er 3 veker.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Manger sentrum Skuleområde med planid 12601976000100 er definert som bustadføre mål .

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### **Nabovarsel**

Det er ikkje naudsynt med nabovarsla då næraste nabo, Alver kommune, har samtykka til ny plassering.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan, datert 14.01.21, motteken 14.01.21.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 1,9 meter. Eigar av gnr. 445 bnr. 432, Alver kommune, har i dokument, datert 14.01.21 samtykka til at tiltaket kan plasserast 1,9 meter frå nabogrensa.

Alver kommune kan godkjenne slik plassering då avstand mellom omsøkte bygg og næraste bygg på gbnr 445/432 er på over 14 meter og krav om brannspreiing i TEK er ivaretatt.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Vegstyresmakta har i sak 19/619 i vedtak datert 22.03.19 gjeve dispensasjon til plassering 6,9 meter frå midten av offentleg kommunal veg.

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.

Tiltaket skal knytast til offentleg VA.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig kommunal veg.

Avkjørsle til offentleg veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har kommune ingen merknad i saka.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

## **VURDERING:**

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **Regelverk**

- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/139

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

**Vedlegg:**

445-1-111-KART-MED-PLASSERING-I-HENHOLD-TIL-KOORDINATER

**Kopi til:**

Alver kommune

**Mottakarar:**

Holon Bergen AS

Kanalveien 11 5068

BERGEN